

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Varsel om kulturminnefagleg synfaring – ber om tilleggsinformasjon - Landbruksveg - gnr. 58, bnr. 7 - Alver kommune

Viser til Dykker brev datert 21.10.2020 med søknad om godkjenning av 230 meter veg i vegklasse 8. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det kjend eit automatisk freda kulturminne nær den planlagde traséen, ein gravhaug med Askeladden id. 45456. I tillegg ligg Lygra kyrkjested og eit anna gravminne (Askeladden id 45455) i nærområdet.

Etter ei vurdering av det aktuelle området, finn vi det naudsynt å gjennomføre ei kulturhistorisk synfaring. Før vi kan gje fråsregn til søknaden, må vi vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.

Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter §§ 3 og 11 i kulturminnelova. Synfaringa av området vil bli gjort så raskt som råd, grunna restriksjonar knytt til korona kan det ta litt lengre tid en vanleg.

Behov for tilleggsinformasjon

For at å ta stilling til utilbørleg skjemming av gravhaugen, jf. kulturminnelova § 3, ber vi om at det vert sendt inn:

- Ein målsett situasjonsplan som viser nøyaktig plassering og nøyaktig bredde til vegtraseen samt fyllingsfot. Gravhaugen (Askeladden id. 45456) med tilhøyrande sikringssone skal visast på situasjonsplanen.
- Snitt teikningar av vegtraséen .
- Eventuelle terrengeinngrep skal visast på snitt teikning(ar), og situasjonsplan.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
Fagleiar - arealplan

Sigrun Wølstad
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift

